



Saksgang

Arkivsak: 141

Arkivnr: 2016/4091-31

Saksbehandlar: Snorre Waage, Anne-Mette Nesje Porten, Gunnhild Raddum, Elizabeth Warren, Tale Halsør, Jomar Ragnhildstveit, Hans-Inge Gloppen, Vibeke Lokøy, Eirik Knive

Saksframlegg

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		13.02.2018

Fråsegn til kommuneplan for Austrheim kommune – Arealdelen – 2017-2027

Samandrag

Austrheim kommune har sendt arealdelen til kommuneplanen på 2. gongs høyring med frist 15. februar 2018. Hordaland fylkeskommune vurderer planen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Arealbruken i framlegget er basert på omfattande konsekvensutgreiing av arealbruksinnspel ved både første og andre gongs høyring, strandsoneanalyse og er mest mogeleg i samsvar med den vedtekne samfunnsdelen frå 2015.

Øksnesmarka vart ved første gongs handsaming anbefalt nytta som LNF-område. Dette var forslag til arealdisponering som fylkeskommunen stilte seg positiv til i vår fråsegn av 14.06.2016, etter handsaming i KIRU 08.06.2016. Fylkesrådmannen si samla vurdering om Øksnesmarka står framleis ved lag. Dette er basert på vurderingar og uttaler gjort ved dei to høyringsrundane og med bakgrunn i konsekvensutgreiingar til både første og andre gongs handsaming av planforslaget. Ny kunnskap om arealverdiane i området har ytterlegare forsterka denne oppfatninga. I den regionale planstrategien er det eit hovudmål å leggja til rette for ei klima- og miljøvenleg utvikling. Dette betyr at kommunen må ha ei tydeleg planstyrt, langsiktig og balansert forvaltning av areal, natur og kulturminneressursar. Sjønære areal har mange ulike brukargrupper med motstridande syn på korleis arealet bør disponerast. Det er difor viktig at kommunen veg næringsinteresser opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser.

Kommunen sine vurderingar av bustadareal syner at det i stor grad er tilstrekkeleg med areal for bustadbygging i eksisterande planar. Kommunen skriv difor i planframlegget at dei ikkje i særleg grad har behov for utvida areal til bustadbygging. Kommunen tek utgangspunkt i nye befolkningsframskrivingar. Likevel er det i planframlegget forslag til nye bustadføremål som fylkesrådmannen meiner er lite eigna til bustadføremål. Dette gjelder særskild for Vardetangen (B40), Ervikane (B42), Utkilen (B43 og B44) og Toftegård (B45). Det vert rådd til motsegn mot B45 på Toftegård. Områda ligg usentralt til og er i konflikt med miljø- og landskapsverdiar. På Toftegård er det i tillegg ledige regulerte bustadtomter i nærleiken, dårleg vegtilkomst og arealet ligg langt frå service- og offentlege tilbod. Det er også høgt potensiale for funn av kulturminneverdiar.

Regional plan for attraktive senter i Hordaland har føresegn om handel og retningslinjer om arealbruk. Kommunen må ha føresegn om handel i kommuneplanen og vi ber på nytt om at sentrumsutstrekning vert definert og tydeleggjort i kommuneplanen. Fylkesrådmannen rår til at det vert knytt motsegn til krav om føresegn for handel.

Fylkesrådmannen oppmodar kommunen om å ta inn føresegn som tydeleggjer behovet for sikker overvasshandtering, særskild i tettbygde strok der fortetting er ein av dei kommunale arealstrategiane.

Fylkesrådmannen tilrår motsegn til at akvakulturområdet ved Øksneset ikkje er sikra tilstrekkeleg areal og føresegn om maksimal tillaten biomasse for akvakulturområdet ved Trøvika. I tillegg er det særlege akvakulturfaglege merknader til krav om reguleringsplan for Akvakultur og føresegn som sikrar utlegging av fortøyingar i område for ferdsel i Hoplandsosen.

Det går fram av planskildringa til 2. gongs høyring at kommunen meiner ein har teke omsyn til motsegnspunkta frå fylkeskommune når det gjeld kulturminneinteressene. Fylkesrådmannens vurdering er at dette ikkje er gjennomført i tilstrekkeleg grad. Etter dialog har kommunen gjeve lovnad om å rette plankart og føresegner i tråd med innspel frå fylkeskommunen i samband med sitt vedtak etter 2. gongs høyring. For å imøtekomme våre motsegn til første gongs høyring, må kommunen endre kommuneplanen i tråd med vedtaks punkt 7 under.

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vurderer arealdelen til kommuneplanen som eit tenleg styringsreiskap for Austrheim kommune, med tydelege føresegner, planskildring og plankart.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til Regional plan for attraktive senter i Hordaland, og ber om at sentrumsutstrekning og føresegn om handel vert innarbeidd i kommuneplanen. Regional føresegn har direkte rettsverknad for kommunar og private utbyggjarar, og må difor innarbeidast i kommuneplan. Det er knytt motsegn til dette punktet.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til vedtaks punkt ved første gongs høyring om bustadbygging ved Vardetangen (B40), Ervikane (B42) og Utkilen (B43, B44), og rår på nytt Austrheim kommune til ta desse områda ut av planforslaget. Områda ligg usentralt til og kjem i konflikt med miljø- og landskapsverdiar.
4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner det nye forslaget om bustadareal på Toftegård (B45) i for stor grad medfører negative konsekvensar for ålmenta og miljøverdiar. Det er ledige regulerte bustadtomter i nærleiken, dårleg vegtilkomst og arealet ligg langt frå service- og offentlege tilbod. Utvalet ber om at forslaget vert tatt ut av planforslaget. Det er knytt motsegn til dette punktet.
5. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vil trekke frem verdiane i Øksnesmarka, i høve til friluftsliv, folkehelse, landskap, kulturminner og naturmangfald. Ny kunnskap sidan vedtak av gjeldande kommuneplan (2006) har ytterlegare forsterka desse verdiane. Det er difor viktig at kommunen veg næringsinteresser opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Bruk av Øksnesmarka som næringsområde er konfliktfylt i høve desse verdiane. Utvalet rår difor i frå å legge til rette for næringsareal (N18) i Øksnesmarka.
6. Utvalet for kultur, idrett og regional utvikling rår kommunen til å ta inn føresegn som tydeleggjer behovet for sikker overvasshandtering i tettbygde strok der fortetting er ein av dei kommunale arealstrategiane.
7. Utvalet for kultur, idrett og regional utvikling meiner at planen ikkje godt nok følgjer opp motsegnspunkt frå førre høyringsrunde. I tråd med dialog med kommunen, må følgjande punkt endrast i planen:

I: Legg følgjande føresegn til § 3.2 Spreidd byggeområde (bustad, næringsbygg, fritidsbusetnad)
«Alle nye tiltak i LNF-område med spreidd byggeområde skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteresser og for å oppfylle undersøkingsplikta, jf. kulturminnelova §§ 3, 8 og 9».

II: Legg følgjande retningsline til § 4.2.5 Bevaring kulturmiljø (H570)
«Ved utarbeiding av reguleringsplanar og gjennomføring av tiltak på enkeltobjekt eller område innafor omsynssone kulturmiljø skal kulturhistoriske verdiar takast vare på og sikrast varig vern»

III: Legg inn bandlagt område (H730) i plankart for mellomaldekyrkjegard på Austrheim (askeladden id

83830-4)

Kommunen må legge følgjande føresegn til § 4.2.6 Bandlagt kulturminne (H730) mellomalderkyrkjegard id 83830-4: «*Mellomalderkyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep.*»

«*Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminnelova. Eventuell søknad om løyve til inngrep skal sendast rette kulturminnestyresmakt, Riksantikvaren, i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnader knytt til nødvendige undersøkingar og eventuelle arkeologiske utgravingar vert belasta tiltakshavar.*»

8. Utvalet for kultur, idrett og regional utvikling har følgjande særskilde merknader når det gjeld kulturminne:
- Planlagt bustadområde B45 og planlagt næringsområde ved Øksnesmarka N18 har stort potensial for funn av arkeologisk kulturminne. Dette er ikkje tilfredsstillande dekt i konsekvensutgreiinga.
 - Vi saknar ei vurdering av konsekvensane nye byggeområde vil ha for den *Indre farleia - kulturhistoriske landskap av nasjonale interesse*.
 - Nokre nye byggeområde bør ha plankrav for å ta tilstrekkeleg omsyn til kulturminneinteresse i den vidare prosess. Dette gjeld:
 - Bergsvika - tiltak 116 side 30 i KU - NA/SH
 - Austrheimsvågen - tiltak 118 side 38 i KU naust og småbåthamn
9. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner akvakultur i ikkje er godt nok ivaretatt i planframlegget frå Austrheim kommune. Det er knytt motsegn på følgjande punkt:
- Akvakulturanlegget ved Øksneset må sikrast tilstrekkeleg areal og tilpassast faktisk plassering.
 - Føresegn knytt til regulering av maksimal produksjon på akvakulturområdet ved Trøvika vert teke ut av planen sidan dette er forhold som vert regulert i anna lovverk, der sektorlovverket har tildelings- og tilsynsansvar.
10. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege merknader når det gjeld akvakultur:
- Det bør gjerast unnatak i føresegn for at det på akvakulturanlegg kan gjerast alle typar endringar utan krav om reguleringsplan.
 - Det bør takast inn ei føresegn som sikrar utlegging av fortøyingar i område for ferdsel i Hoplandsosen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional og næringt

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

- 1 Vedlegg 1 - Planskildring
 - 2 Vedlegg 2 - Føresegn
 - 3 Vedlegg 3 - Plankart
 - 4 Vedlegg 4 - Konsekvensutgreiing (KU) og ROS-analyse
- Fylkesrådmannen, 17.01.2018**

1. Bakgrunn

Austrheim kommune har sendt arealdelen på 2. gongs høyring med frist 15. februar 2018. Fylkeskommunen har fått utsett frist grunna politisk handsaming til etter KIRU-møte den 13. februar 2018. Hordaland fylkeskommune vurderer planen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Utval for kultur, idrett og regional utvikling kan gje fråsegn og fremje motsegn til planen dersom viktige regionale og nasjonale interesser står på spel.

Når motsegn blir fremma må kommunen endre planen, som regel etter å ha drøfta problemstillingar og løysingar i møte med fylkeskommunen. Dei fleste motsegnene blir avklart i møte med kommunen, men dersom det ikkje blir semje vil planen gå til mekling hos Fylkesmannen i Hordaland.

Dersom faglege tilrådingar om motsegn på bakgrunn av nasjonale kulturminneinteresser ikkje vert fylgt opp av politiske organ i fylkeskommunen, skal fylkeskommunen gje melding om dette til Riksantikvaren som kan fremja motsegn i saka. (jf. Forskrift til Kulturminnelova kap. 1, § 3)

Fylkeskommunen må ta atterhald om alle byggeområde i planen til undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er oppfylt. Dette gjeld både land og sjøområde.

1.1 Planprosess og medverknad

Hordaland fylkeskommune har gitt innspel til planprogrammet i brev av 30.april 2013, og ved fråsegn til 1. gongs høyring av kommuneplanen sin arealdel i brev av 14.06.2016.

Arbeidet vart starta opp med offentleg høyring og godkjenning av planprogram i 2013. I 2014 vart det utarbeidd ny samfunnsdel samstundes som det vart gjennomført innspelsrunde for den kommande arealplanen. Den nye samfunnsdelen vart endeleg vedteke i kommunestyret 04.02.2015.

Merknadar som vart teke til følgje av kommunestyret og ønska innarbeida i nytt planforslag, vart konsekvensvurdert av planverksemda Multiconsult i eigen rapport, hausten 2017.

Planarbeidet er presentert i planforum hjå Hordaland Fylkeskommune. Det vart halde eige dialogmøte med Fylkesmannen i Hordaland den 17.08.2016. Der var det semje om at når det låg føre eit revidert planframlegg så vil kommuneplanen verta lagt ut til andre gongs offentleg ettersyn. Kommuneplanarbeidet har vore eit viktig tema på mange folkemøte i Austrheim kommune sidan arbeidet starta i 2013.

2. Innhald i planen

2.1 Arealdel

Planomtale og endringar i nytt planforslag

Kommuneplanen sin arealdel vart sist vedteken i 2006, og det blei i planstrategien for 2011-15 rådd til å rullera gjeldande plan. Plandokumenta består av plankart, planskildring, føresegner, konsekvensutgreingar og analyse av funksjonell strandsone.

Arealbruken i framlegget er basert på omfattande konsekvensutgreiing av arealbruksinnspel, strandsoneanalyse og er mest mogeleg i samsvar med den vedtekne samfunnsdelen frå 2015. Gjennom dette grunnlaget er det teke omsyn til både nasjonale og regionale mål for arealbruken.

Areal til bustad

Det er etter kommunen si vurdering ikkje lagt ut særleg mange nye område for bustader. Grunnen til dette er at det framleis er mykje ferdig regulerte område i kommunen, og samstundes er det rom for meir fortetting og noko spreidd utbygging. Det er likevel teke inn fleire bustadområde, som vert gjenstand for vurdering i fylkesrådmannen sine vurderingar.

Ved første gongs høyring var det i mange område brukt arealformål LNF spreidd utbygging i kombinasjon med byggegrense, utan talfesting av nye bustader. Etter innspel mellom anna frå fylkeskommunen, har kommunen endra arealstrategi og føresegn knytt til dette tema.

Arealstrategiar

Hovudprinsippa i arealstrategiane ligg fast i andre gongs planforslag, men det har blitt gjort nokre endringar, mellom anna basert på kommunestyret sin endringsvedtak i februar 2017. Endringar omfattar til dømes tilpassing til nye folketalsframskrivingar og tydeleggjering av spreidd utbygging. Når det gjeld næringsareal er det gjort ein vesentleg endring mellom første og andre gongs høyring, som til dels gjer at det er motstrid mellom ny arealstrategi andre arealstrategiar som til dømes landskap, fysisk aktivitet, friluftsliv, folkehelse og biologisk mangfald.

Plankrav til akvakultur

Kommunen har sidan førre høyring lagt inn krav om reguleringsplan for akvakultur i føresegnene, med fritak for Akvakultur ved mindre endringar på lokaliteten.

Plankart.

Med grunnlag i planprogram, vedteken samfunnsdel, KU og strandsoneanalyse, er det laga heilt nytt framlegg til arealplankart . Kartet er fulldigitalt og i samsvar med gjeldande standard (SOSI 4.5), og er produsert av kommunen sjølv.

Føresegner.

Til plankartet er det knytt føresegner. Dette er generelle føresegner og føresegner knytt til ein skilde arealflatar/typar eller omsynssonar. Føresegnene er viktige i den framtidige bruken av planen. Det er eit mål at føresegnene er utforma som arealplankartet sin «lovtekst». På den måten vert arealplankartet saman med føresegnene eit tydeleg og godt verktøy for sakshandsamar, politikar og innbyggjar.

Konsekvensutgreiing

Nye innspel og merknadar som kan føre til endringar i planforslaget mellom 1. og 2. gongs høyring er skildra og vurdert i ein rapport utarbeidd av Multiconsult, i samarbeid med kommunen, og som utgjer ein del av kommuneplanen. Endringsforslaga er i rapporten konsekvensutgreidd (KU) og det er gjort ei overordna Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS). Illustrasjonane syner føreslåtte endringar. For kvart område er det gjort ei vurdering av kor verdifullt området er for diverse tema. Vidare er konsekvensane av den føreslegne arealbruken vurdert. Følgjande tema er vurdert:

- Landskap
- Friluftsliv
- Naturmangfald
- Landbruk
- Helse
- Kulturminne og kulturmiljø
- Risiko og sårbarheit
- Miljø og klima
- Born og unge
- Strandsone
- Samfunnsmessige tilhøve

For kvar føreslegne planendring, summerast tiltaket sin positive eller negative karakter (konsekvens). Det er nytta ein 5-delt skala (-2, -1, 0, 1, 2). Summen av konsekvensvurderinga gjev ein indikasjon på graden av

positiv eller negativ konsekvens av vurdert arealformål, men i tilråding og konklusjon er det tatt ei sjølvstendig vurdering av tiltaket sin totale verknad for miljø og samfunn, samt risiko- og sårbarheit.

3.Vurdering av regionale interesser

3.1 Generelt om planen

Skildringa av planframlegget til andre gongs høyring er kort og konsist, og gjer ein god oversikt over kommunen si overordna ønska arealbruk, og endringar som er gjort etter første gongs handsaming. Fylkesrådmannen var i stor grad positiv til førre planforslag, og meinte at kommunen på ein god måte vidareførte intensjonane lagt i samfunnsdelen og kommunen sine vedtekne arealstrategiar.

Fylkeskommunen fremja likevel motsegn til planforslaget, med bakgrunn i kulturminne og akvakultur. Kommunen har i det nye planforslaget tilpassa seg motsegn frå fylkeskommunen. Samstundes er det andre innspel og tilrådingar som kommunen ikkje har imøtekome. Nokon av desse tilrådingane ønskjer fylkesrådmannen å ta opp også i fråsegn til andre gongs høyring.

Fylkeskommunen gjorde grundige vurderingar ved første gongs høyring. Når planforslaget no er på andre gongs høyring, er det naturleg å fokusere på endringar som er gjort mellom dei to planforslaga. Det mest vesentlege endringsforslaget er å ta hovuddelen av næringsarealet ved Øksnesmarka (N18) inn att i kommuneplanen. Gitt at dette er ei endring som kan påverke ei rekke fagtema i vesentleg grad, er det naturleg at dette forslaget vert via ekstra merksemd gjennom våre faglege vurderingar. Følgeleg vert forslag til arealdisponering i Øksnesmarka eit eige punkt i fylkesrådmannen sitt saksframlegg (3.3).

Ved første gongs høyring var det i mange område brukt arealformål LNF spreidd utbygging i kombinasjon med byggegrense, utan talfesting av nye bustader. Etter innspel mellom anna frå fylkeskommunen, har kommunen endra både arealstrategi og føresegn knytt til dette tema. Det ser rådmannen positivt på. Vi stiller oss positive til deler av endringane som er gjort i arealstrategiane, som til dømes tilpassing til nye folketalsframskrivingar og tydeleggjering av spreidd utbygging.

3.2 Samordna areal og transportplanlegging / areal til bustad

Planskildringa seier at utbygging skal plasserast i område som gjev best mogeleg utnytting av kollektivtransport og som gjer det mogeleg å bruka gang og sykkelveggar i samband med lokale tenester og aktivitetar. Utbygging skal i hovudsak skje i og i nærleiken av Austrheim kommunesenter og lokalsenteret på Fønnes-Kaland. Det skal sikrast areal for alle typar bustadbygging og opnast for tettare utnytting i sentra. Dette er arealstrategiar som er i tråd med regionale føringar for areal- og transportplanlegging, og Fylkesrådmannen støttar denne arealdisponeringa.

Kommunen sine vurderingar av areal til bustadføre mål syner vidare at det i stor grad er tilstrekkeleg med areal for bustadbygging i eksisterande planar, og kommunen peikar på at dei difor ikkje i særleg grad har utvida areal til bustadbygging i planframlegget. Kommunen har no teke utgangspunkt i nye befolkningsframskrivingar, noko som vi stiller oss positive til. Med bakgrunn i kommunen sine vurderingar av at det allereie er nok bustadareal i kommuneplanen for å imøtekome forventa bustadbehov, vil Fylkesrådmannen i det vidare å trekkje fram noen utvalde bustadområde som likevel ligg i planforslaget.


Vardetangen og Ervikane

Fylkeskommunen vedtok ved første gongs høyring at det «er uheldig med tilrettelegging for bustadbygging ved Vardetangen (B40), Ervikane (B42) og Utkilen (SB1). [...] Utvalet ber om at kommunen tek desse områda ut av planforslaget». Fylkesrådmannen registrerer ved andre gongs høyring at dette ikkje er teke omsyn til. I «innspelsdokumentet» som er vedlagt planforslaget, kjem det fram at kommunen ikkje synes det er naturleg å følgja råda frå fylkeskommunen med å ta ut område for bustadbygging på Vardetangen (B40), Ervikane (B42) og Utkilen (SB1), utan nokon ytterlegare fagleg forklaring på dette. I planskildringa vert det noko utgreidd; «Samla regulert eksisterande bustadareal i område som Åråsvågen og Kaland/Fønnes er estimert til å kunne ta ein del av dette. Difor er det eit mål å vidareføra denne arealbruken slik den er, utan å

opne for særleg mange nye område. Austrheim kommune treng fleire bustadområde i Kaland-krisen for å få realisert bustadutbygging der det er positive grunneigarar til sal av tomter. Nye bustadområde er difor lagt inn ved Ervikane/Vardetangen».

Spreitt bustadbygging generer transportbehov. Som både Regional plan for attraktive senter i Hordaland og Regional Klimaplan for Hordaland peiker på, er eit konsentrert utbyggingsmønster hensiktsmessig både i eit klimaperspektiv og for senterutvikling. Det stettar opp om kollektive transportløyser, og er eit godt utgangspunkt for utbygging av gang- og sykkelvegnett til viktige besøkspunkt. Det er og omtalt i kommunen si planskildring at «*utbygging skal plasserast i område som gjev best mogeleg utnyttning av kollektivtransport og som gjer det mogeleg å bruke gang og sykkelveg i samband med lokale tenester og aktivitetar*».


I konsekvensutgreiinga kjem bustadfelt B40 (Vardetangen) og B42 (Ervikane) ut med overvekt av negative konsekvensar, mellom anna med bakgrunn i; ålmenta si tilgang til strandsona og etablerte badeplassar (born og unge), privatisering av strandsona, redusert verdi av karakteristisk kystlandskap, reduksjon av friluftsiresser og etablerte turløyper (folkehelse). I tillegg er særleg Vardetangen eit svært vøreutsett område og vil vere utsett for ekstremhendingar. Her er òg avstand til skule og handel relativt stor (3 km gange/4 km køyring), og kommunen reknar med at det vil vere eit bilbasert utbyggingsområde, som i så måte bryt med kommunen sine uttalte mål for lokalisering av bustadområde. Vardetangen ligg i tillegg tett innpå regionalt friluftsområde vurdert som svært viktig (jf. «Område for friluftsliv Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland», 2008). Fylkesrådmannen stiller seg difor framleis negativ til at Vardetangen (B40) og Ervikane (B42) vert gitt bustadføre mål i ny kommuneplan.



Figur 1: B40 Vardetangen og B42 Ervikane.

Toftegård:

Ei endring til andre gongs høyring er at det er lagt inn nytt bustadområde B45 på Toftegård:



Figur 2: Bustadområde B45 på Toftegård, i plankart og i flyfoto. Føreslått nytt bustadareal i stipla gul line i flyfoto.

Konsekvensvurderinga av nytt bustadfelt på Toftegard (B45) er tydeleg negativ til forslaget, og den anbefalinga er å ikkje endre dette arealet frå LNF til bustadføremål i ny kommuneplan. Dette er med bakgrunn i negative utslag for landskapsverdiar (-1, stor negativ konsekvens), friluftsliv (-1, middels konsekvens), naturmangfald (-2, stor negativ konsekvens), landbruk (-1, middels negativ konsekvens), risiko og sårbarheit (-1, middels negativ konsekvens), miljø- og klima (-1, middels negativ konsekvens). Tiltaket vil og auke kjensla av privatisering av strandsona, sjølv om bustadane ikkje ligg heilt i strandkanten. 100m grensa vil verte utfordra. Arealet er i bratt og kupert terreng, og eventuelle tiltak vil krevje betydeleg terrengtilpassing, som vil medføre negative fjernverknader for eit større influensområde enn berre tiltaksområdet.

Fylkeskonservatoren meiner i tillegg at det er stort potensiale for funn av automatisk freda kulturminne i område B45. Området er ikkje tidlegare undersøkt av arkeologar, men topografien og høgde over havet tilseier at det er stort potensiale for funn av steinalderbuseadnad her. Ved eventuell regulering av området i framtida vil det stillast krav til arkeologiske registrering. Dersom det då vert gjort funn av automatisk freda


kulturminne vil fylkeskommunen vurdere motsegn til planen. Det er og mogleg at planen må justerast for å unngå konflikt med freda kulturminne, og/eller at tiltakshavar må dekke kostnader for arkeologisk utgraving.

Sjølv om fleire bustader kan vere positivt for nærmiljøet, er det allereie fleire regulerte og ubygde tomter i nærleiken. Arealet er ikkje nær service- eller offentlege tilbod, og det er smal og dårleg vegtilkomst til området.

Etter ei samla vurdering av konsekvensar for forslag om bustadareal på Toftegård (B45), stiller fylkesrådmannen seg kritisk til forslaget, og tilrår motsegn mot bustadareal B45.

Utkilen:

Bustadområde B43 og B44 på Utkilen er teke inn igjen i plankartet mellom første og andre gongs høyring. Ei eventuell bustadbygging i dette området vil få negative verknader for verdifult kystlandskap, friluftsliv, naturmangfald og strandsona, jamfør konsekvensutgreiinga. Bustadarealet slik det er foreslått i dagens planforslag, er etter anbefaling frå konsekvensutgreiinga trekt noko tilbake frå strandsona (sjå illustrasjon under). I tillegg kjem det frem at ei anna utfordringa med lokalisering av bustadfelt her, er knytt til lang avstand til tenester og service. Området har dårleg vegforbinding. Fylkesrådmannen rår frå at bustadområde B43 og B44 vert teke inn igjen i planforslaget.



Figur 3: Utkilen: Gjeldande kommuneplan (2007)

1. gongs planforslag

2. gongs planforslag

Spreitt bustad:

Fylkeskommunen bad kommunen vidare om å gjere vurderingar av, og synleggjere i føresegn, kor mange bustader ein kan tillate i dei særskilde LNF-SB/SBN områda i løpet av planperioden. Dette har kommunen følgd opp i nytt planforslag. Til dømes er spreitt utbygging ved Utkilen (SB1) talfesta til to bustader, som er av ein skala som gjer at vi ikkje lenger har innvendingar mot dette konkrete forslaget. Samla sett er det likevel eit betydeleg tal bustader det er opna for gjennom LNF-Spreitt, ein total på 139 bustader, fordelt på 48 område. Sjølv om fylkesrådmannen har forståing for at ein viss grad av spreitt utbygging er naudsynt for å oppretthalde eit befolkningsgrunnlag i grender og meir perifere område, og kan i visse tilfelle vere naudsynt for vidareføring av landbruksdrifta, vurderer vi dette talet til å vere høgt, og oppmodar kommunen til å redusere talet på bustader i LNF-spreitt før endeleg vedtak av kommuneplan.

Kommunen har vidareført eit viktig premiss lagt i føresegn §3.2.1 til kommuneplan: «*Område med spreidd byggeområde kan i planperioden byggast ut der det ikkje er til ulempe for landbruk, friluftsliv eller natur og miljø. Det kan ikkje byggast på dyrka eller dyrkbar mark, på samanhengande innmarksbeite eller på samanhengande skogområde av høg bonitet, jf. pbl §11-11 nr. 2*». Dette er positivt, og det er viktig at dette vert følgd godt opp i den vidare arealsakshandsaminga i kommunen.

3.3 Næringsareal i Øksnesmarka (N18)

Endringa i Øksnesmarka mellom første og andre gongs høyring er til dels motstridande med arealstrategiar i kommunen, som til dømes arealstrategi for landskap, fysisk aktivitet, friluftsliv, folkehelse og biologisk mangfald. Næringsareal i Øksnesmarka er vidare ikkje i samsvar med anbefalingar i konsekvensutgreiinga.


Planskildringa greier ut om vurderingar for kvifor dette arealet ved Øksnesmarka vart gjort om til LNF i første planforslag; I samsvar med samfunnsdelen vart arealbruken for næring konsentrert omkring næringsutviklinga på Mongstad og målet om at Austrheim skal verte ein nasjonalt kjent og attraktiv turistdestinasjon. På bakgrunn i dette vart næringsareala N40-42 inkludert i første planforslag. Desse areala er også vidareført i planforslaget som no ligg føre. Med bakgrunn i KU-arbeidet og verdien av ope kystlandskap i eit reiselivsperspektiv vart Øksnesmarka ikkje anbefalt nytta til næring i det første planframlegget. Dette var forslag til ein arealdisponering som Fylkeskommunen stilte seg positiv til i vårt fråsegn av 14.06.2016. Fylkesrådmannen si samla vurdering knytt til denne arealdisponeringa står framleis ved lag. Dette er basert på vurderingar og uttaler gjort ved førre høyringsrunde, vurderingar knytt til andre plantema ved andre gongs høyring (sjå under), og med bakgrunn i konsekvensutgreiingar til både første og andre gongs handsaming av planforslaget.

Friluftsliv

Ved uttale til første gongs høyring var fylkeskommunen generelt positiv til kommunens arbeid og intensjonar for friluftsliv i kommunen. Dette innspelet står ved lag. Vi innleia innspelet om friluftsliv med at «frå eit friluftslivsperspektiv er det svært gledeleg at kommunen har valt å gjere Øksnesmarka om til friområde, og med omsynssone H560 for Bevaring av naturmiljø for nordre del av Øksnesmarka». Forslag om å endre areal i Øksnesmarka frå LNF til næringsareal er opplagt ikkje til fordel for friluftslivsinteresser.

Området har merka rundløype på om lag 5,5 km via Rebnor, Årås og Øksnes. Fin og godt merka sti. Lett og variert terreng kvar ein passerer myr og gammalt torvlandskap, samt fleire aurevatn. Mellom Øksnes og Rebnor går stien forbi ein rasteplass med gapahuk, bord og grillpanne. Mellom Rebnor og Årås passerer ein Hammarsvatnet der ein kan få aure på over halvkiolen. Rett over dette vatnet ligg Hammarsnuten. Her er det utsikt til alle kantar og ein kan sjå langt på klare dagar. Langs løypa finn ein fleire stader restar etter torvhus og merke i myra etter torvtaking. Området innehar fleire sjeldne og verdifulle naturtypar som Rikmyr og kystlynghei, som begge er sjeldne naturtypar, spesielt i låglandet.

Konsekvensutgreiinga av N18 i nytt planforslag gir forslaget stor negativ konsekvens (-2), med bakgrunn i at «søre del er registrert som svært viktig friluftsområde og det inngår i eit større samanhengande område. Det går mange stiar på kryss og tvers gjennom området».



Figur 4: Området har gjennomgått ein kartlegging av friluftslivsinteresser, i samband med friluftskartlegging av Austrheim kommune. Øksnesmarka er kategorisert som eit utfartsområde, med verdisettinga «svært viktig».

Frå eit friluftsperspektiv tilrår Fylkesrådmannen at området N18 i Øksnesmarka vert teke ut av planforslaget, og at arealformal LNF vert vidareført som det var i planforslag ved første gongs høyring.

Folkehelse

I Øksnesmarka vert behovet for næringsareal sett opp mot behov for å bevare Øksnesmarka som LNF-område. I eit overordna folkehelseperspektiv er tilrettelegging for nye arbeidsplasser eit viktig folkehelseiltak. Arbeid- og yrkesdeltaking sikrar gode levekår og bidrar til å jamne ut sosiale helseskilnader.

Øksnesmarka har store verdiar som natur- og friluftsområde. Bevaring av nærnatur, turstiar og grønne områder fremmer god helse i alle aldre og er derfor viktige folkehelseiltak. Europeisk kunnskapsoppsummering av forskning viser tydelig samanheng mellom mangel på tilgang til naturområde, dårlig helse utfall og sosiale helseskilnader. I følge Verdens helseorganisasjon (WHO) kommer psykiske lidningar til å bli den viktigaste årsaka til sjukdomsbelastning i 2020, nest etter hjerte- og karsjukdomar, og det er venta at depresjon vil dominere dette bilde ¹. Friluftsliv kan motverke ein slik utvikling ved å vere eit viktig element som førebyggjande og behandlande tilbod av menneske med psykiske lidningar. Nær tilgang til naturområde er viktige ressursar for god fysisk og psykisk helse ².

Det er eit stadig press på å bevare område til friluftssareal og ein utfordring å ta vare på dei kvalitetane og verdiane naturmangfald og naturområde representerer. Konsekvensutgreiinga viser at område i Øksnesmark er særleg viktig for lokalsamfunnet og er eit område med mange og viktige friluftsverdiar. Område er tilrettelagt med skilting og merking samt rundløype, gapahuk, innehar badevatn, fiskevatn, lett turterreng og gode utsynspunkt. I kraft av å ligge i nærleik til kommunesenter og busetnad er Øksnesmarka eit mykje brukt turområde.

Det er eit overordna politisk mål at alle skal ha moglegheit til å utøve helsefremjande, trivselskapande og miljøvenleg friluftsliv og fysisk aktivitet i kringliggjande naturområde. Friluftsliv er eit fellesgode som må sikrast som kjelde til god livskvalitet, betre folkehelse og bærekraftig utvikling. Fylkesrådmannen anbefaler at Øksnesmarka fortsett å vere LNF-område.


Landskap

Også knytt til landskapsverdiar og fjernverknader er det naudsynt å nemne tilbakeføring av næringsareal i Øksnesmarka ved andre gongs handsaming. I arealstrategi om næringsareal i planforslaget, vert det sagt at «næringsareala skal plasserast slik at dei ivaretek omsynet til nærliggjande bustadområde, naturområde eller liknande». Konsekvensutgreiinga for Øksnesmarka (N18) gjer tiltaket negativ konsekvens (-1) med merknad at arealet er eit større kystlandskap utan tiltak i dagens situasjon. Området er synleg frå store områder både på land og frå sjø. Frå eit landskapsperspektiv meiner Fylkesrådmannen at det er fordelaktig å vidareføre forslag til første gangs handsaming om LNF i Øksnesmarka.

Naturmangfald

¹ <http://www.foeeurope.org/sites/default/files/biodiversity/2017/briefing-nature-health-and-equity-march-2017.pdf>

² <https://vof.no/friluftsliv-en-vei-til-mindre-stress-og-bedre-helse/>



Figur 5: Kilde: <http://kart.naturbase.no/> 18.01.2018.

Punktmarkeringene i kartutsnittet frå Naturbase viser registreringer av arter av nasjonal forvaltningsinteresse. I det aktuelle området (N18) er det gjort ein rekke registreringar i Miljødirektoratet sine kartdatabaser, også av ein art av *særlig stor forvaltningsinteresse*. Dette er Breibandpraktviklar (*Falseuncaria ruficiliana*) som er registrert som sterkt truga i Norsk raudliste. Arten har to habitat: 1) Skoglysingar og kratt på kalkgrunn og 2) l yngheier. Arten eksisterer på l yngheier på Vestlandet, og er her påvist på tre lokalitetar, der Øksnesmarka er ein av desse. Arten ser ut til å være utdødd på Østlandet. På Vestlandet er den svært sjeldan, men truleg er den oversett ein del stader. På grunn av påverknadene på habitatet, reduserast og fragmenterast førekomstane³. Dette er berre ein av fleire raudlista artar i det føreslegne næringsarealet i Øksnesmarka.

Med utgangspunkt i biologisk mangfald vil Fylkesrådmannen sterkt tilrå å oppretthalde området i Øksnesmarka som LNF. Dette er også i tråd med anbefalingar frå konsekvensutgreiinga, der tiltaket om næring får stor negativ konsekvens, og omtaler Øksnesmarka som det einaste inngrepsfrie naturområdet i kommunen. Fylkesrådmannen oppmodar i tillegg kommunen til å leggje til rette for aktivitet, til dømes utmarksbeite, som kan halde Breibandpraktviklaren sitt habitat, kystl ynghei, ved like.

Næringsomsyn:

I ein kystkommune som Austrheim er det mange verksemder som har behov for sjønære næringsareal. På lengre sikt er det også eit strategisk viktig val å behalda, vidareutvikla og leggja til rette for slikt areal i kommuneplanen. Dette er også i tråd med eit sentralt resultatmål i den regionale næringsplanen, der målet er å auka næringsarealreserven i fylket vårt.

I den regionale planstrategien er det også eit hovudmål å leggja til rette for ei klima- og miljøvenleg utvikling. Dette betyr at kommunen må ha ei tydeleg planstyrt, langsiktig og balansert forvaltning av areal, natur og kulturminneressursar. Sjønære areal har mange ulike brukargrupper med motstridande syn på korleis arealet bør disponerast. Det er difor viktig at kommunen veg næringsinteresser opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser.

Kulturminner:

Det er ikkje gjort ein systematisk gjennomgang av nye byggeområde, og planlagt næringsområde ved Øksnesmarka N18 har stort potensial for funn av arkeologisk kulturminne. I Øksnesmarka er det registrert fleire ruinar og spor etter torvtaking, utmarksbeite og gamle ferdssveger i eit meir eller mindre intakt kystl yngheilandskap. Omtale i konsekvensutgreiinga er misvisande når det står at det er «ingen registrert

³ <https://www.artsdatabanken.no/Rodliste2015/rodliste2015/Norge/45734>

kulturminne» der. Konsekvensutgreiinga konkluderer med at område for Næring N18 bør takast ut av planen.

Samla vurdering

Som vist i saksutgreiinga er det betydelege negative konsekvensar på ei rekke område ved å gjere Øksnesmarka til næringsareal i tråd med planforslag (N18). I konsekvensutgreiinga kjem dette forslaget ut med betydeleg overvekt av negative konsekvensar, med ein summert verdi på – 8. Dette fordeler seg på negative konsekvensar for landskap (-1), friluftsliv (-2), naturmangfald/true artar (-2), folkehelse (-1), kulturminne og kulturmiljø (-1), risiko- og sårbarheit (-1), born og unge (-1) og strandsone (-1). Det vert også trekt frem at dette kan vere eit gunstig næringsareal, som vil kunne tilby arbeidsplassar i kommunen (+2). Den samla tilrådinga er at dette forslaget i for stor grad vil gå på bekostning av ikkje-fornybare ressursar som ikkje kan erstattas, og tilrår at Øksnesmarka vert LNF i kommuneplanen.

Ved arealkonfliktar må ein vurdere arealverdiar og ulike omsyn opp mot kvarande. I Øksnesmarka vert vektinga gjort mellom behovet for næringsareal og ei rekke andre arealverdiar. Omfanget av negative konsekvensar for andre arealverdiar gjer at det er fylkesrådmannen si klare anbefaling at kommunen vedtek endeleg planforslag utan næringsareal (N18) i Øksnesmarka.

3.4 Næringsutvikling

Utviklingsplan for Hordaland – Regional planstrategi 2016-2020», som vart vedtatt av fylkestinget i desember 2016, er den felles og overordna strategien for utvikling av Hordaland. I denne planen er det eit langsiktig mål at Hordaland skal vera berekraftig, attraktivt og nyskapande. Når det gjeld næringsfaglege vurderingar så er det eit overordna mål for nærings- og samfunnsutviklinga at regionen vår skal ha høg sysselsetting. Dette skal skje gjennom auka nyetablering og framtidssretta verdiskaping i næringslivet. For å få til denne utviklinga er det på generelt grunnlag viktig med tilgang på areal som er tilrettelagt og planlagt for næringsutvikling.

I ein kystkommune som Austrheim er det mange verksemder som har behov for sjønære næringsareal. På lengre sikt er det også eit strategisk viktig val å behalda, vidareutvikla og leggja til rette for slikt areal i kommuneplanen. Dette er også i tråd med eit sentralt resultatmål i den regionale næringsplanen, der målet er å auka næringsarealreserven i fylket vårt.

I den regionale planstrategien er det også eit hovudmål å leggja til rette for ei klima- og miljøvenleg utvikling. Dette betyr at kommunen må ha ei tydeleg planstyrt, langsiktig og balansert forvaltning av areal, natur og kulturminneressursar. Sjønære areal har mange ulike brukargrupper med motstridande syn på korleis arealet bør disponerast. Det er difor viktig at kommunen veg næringsinteresser opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser.

I den første høyringsrunden vart det påpeikt at kommunen bør leggja til rette for ein meir variert næringsstruktur som ikkje er så avhengig av aktiviteten på Mongstad. I tillegg er det viktig å ivareta og utvikla landbruket i kommunen. Dette er fortsatt viktig.

3.5 Senterutvikling

Fylkesrådmannen viser til tidlegare uttale som syner at kommunen sine arealstrategiar i hovudsak er i tråd med fylkeskommunale føringar for senterutvikling, jf. Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Fylkeskommunen viste samstundes til retningsline § 2.3 «*Sentrumsutstrekning skal fastsetjast i kommune(del)plan eller reguleringsplan for sentrum*». Kommunen har i planskildringa definert senterstrukturen i kommunen, men vi ber rom at ein samstundes definerer sentrumsutstrekninga i dei definerte sentera.

Fylkeskommunen er vidare Informert om at det skal lagast områderegulering for kommunesentrum i 2018, jf planstrategi 2016, og at det i samband med dette arbeidet vert tydeleg definert ein sentrumsutstrekning.

3.6 Handel

Hordaland fylkeskommune har i Regional plan for attraktive senter i Hordaland, vedtatt juridisk føresegn om lokalisering og dimensjonering av handelstilbod for å bidra til eit arealeffektivt og klimavenleg utbyggingsmønster. Føresegna har direkte rettsverknad for kommunar og private utbyggjarar. Handelsverksemd over 3000m² må ha samtykke frå fylkeskommunen for å vere gyldig. Fylkesrådmannen ber om at kommunen innarbeider føresegn om handel, i tråd med regionale føringar, og rår til at det vert fremja motsegn på dette punktet.

3.7 Samferdsel

I kommuneplanens arealdel som er no ute på 2. gongs høyring er det teke omsyn til fleire viktige merknadar etter første høyringsrunde, og fylkesrådmannen har ingen særskilte merknadar. Kommunen legg føringar for at utbygging skal skje nær kollektivaksar og gang-/sykkelveg. Dette er i tråd med nasjonale og regionale føringar. Vi gjer merksam på at «*Regional Transportplan 2017 – 2029*» som vart vedteke i juni 2017 vil vere retningsgivande for kommunens arealplanlegging og dette bør framkome i Planskildringa.

3.8 Klima og energi / Klimatilpassing

Fylkesrådmannen viser til utale ved første gongs høyring av planforslaget for innspel til klima og energi / klimatilpassing, som framleis står ved lag. Der viser vi mellom anna til at klimaendringane er langsame og kan vere vanskelege å observera. Følgjeverknadene kan vere akutte hendingar som ekstremnedbør og generelt større nedbørsmengder, auka vind og stormflo. Dette er sær relevant for Austrheim kommune.

Sjølv om Austrheim ikkje er det området i fylket som opplever mest nedbør, er det framleis ein problemstilling ein i arealdisponeringa må ta på alvor. Auka overvatn vil stille andre krav til utbyggingsmønster, byggeskikk og utforming av uteareal. Særleg senterområda med mykje harde overflatar og asfalt kan vere utsette for flaum og oversymjing. Det gjeld både Mastrevik Torg og lokalsenter på Fonnes-Kaland. Kommunen kan få krav om regress viss det ikkje er tatt tilstrekkeleg omsyn til potensielle skader frå overvatn. Føre-var-prinsippet må leggjast til grunn ved detaljutforming av uteareal og nye byggeområde. Jf. NOU 2015:16 Overvann i byer og tettsteder. Fylkesrådmannen oppmodar kommunen om å ta inn føresegn som tydeleggjer behovet for sikker overvasshandtering, særskild i tettbygde stork der fortetting er ein av dei kommunale arealstrategiane.

3.9 Landskap

All utbygging har verknad på landskapet og særleg fjernverknadar av tiltak i strandsona kan få store konsekvensar grunna lange siktliner. Planlegginga må difor sikre at byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadane, for å redusere eventuelle negative fjernverknadar.

Ivaretaking av kystlandskapet er framheva som eit viktig føremon i arealstrategiane, mellom anna gjennom at «Heilskapleg og samanhengande kystlandskap skal som hovudregel ikkje opnast for utbygging». I det store er det Fylkesrådmannen si oppfatning at planforslaget har ambisjonar om å følgje opp arealstrategiar knytt til det landskap, mellom anna gjennom føresegn § 1.7.1 om terrengtilpassing.

3.10 Strandsone

Ved førre uttale stilte fylkeskommunen seg positiv til kommunens arbeid med funksjonell strandsone, og at ein har nytta seg av dette arbeidet med å vurdere innspel til kommuneplanen (funksjonell strandsone er definert som «Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig»).

Fylkesrådmannen stiller seg positiv til kommunen sine arealstrategiar for strandsona, som mellom anna legg vekt på ålmenta si tilgang til strandsona, å ikkje tillate utbygging i heilskapleg og samanhengande kystlandskap. Det vert og slått fast at «*øyar og holmar som ikkje er busett skal vernast mot inngrep. Heilskapleg og samanhengande kystlandskap skal som hovudregel ikkje opnast for utbygging Det skal vera ålmenn tilgang til natur og kulturlandskapet langs med stranda*».

Strandsona er ein viktig ressurs som grunnlag for busetnad, næring og rekreasjon. Fylkesrådmannen ønskjer å framheve at strandsona må ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur- og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Det er eit mål å ivareta ålmenta sine interesser og å unngå uheldig utbygging.

3.11 Landbruk/Massehandtering

Ved første gongs høyring var fylkeskommunen positiv til kommunen sitt engasjement rundt handtering av jordmassar til landbruk, og forslag til område for jorddeponi (D6) for midlertidig lagring til nydyrking og/eller kvalitetsheving av eksisterande landbruksareal. Det er positivt at kommunen tek tak i problemstillinga, og er proaktiv med å gjere tilgjengeleg areal for overskotsmassar allereie på overordna plannivå. I andre gongs høyringsforslag er det teke inn føresegn som skal sikre jordvernomsyn, og fleire massehandteringsreal for torv- og jordmassar, i D1-D7. Dette stiller fylkesrådmannen seg positiv til. Det er viktig at det er gode rutinar for handtering og vurdering av framtidige ønske om jorddeponi, og at avbøtande tiltak vert gjennomført ved ei eventuell jorddeponi.

3.12 Mineralressursar og skjelsand

Fylkeskommunen si høyringsfråsegn ved 1. gongs høyring av arealdelen i 2016 omfatta følgjande vedtak (pkt. 4): *Utvalet ber om at kommunen gjennomfører arealvurderingar av område for skjelsandutvinning og at aktuelle område for skjelsandutvinning vert synleggjort i kommuneplanen.*

I planen, som no har kome på 2. gongs høyring, er skjelsand likevel ikkje eit plantema, og planen og saksutgreiinga inneheld ingen kommentarar eller vurderingar i forhold til fråsegna frå fylkeskommunen.

Både ved høyringa av planprogrammet (i 2013), og ved 1. gongs høyringa av arealdelen i 2016, vart det i fråsegna frå fylkeskommunen vist til at det er kartlagt relativt mykje skjelsand i kommunen, at retten til utvinning ligg til staten, og til fylkeskommunen som delegert konsesjonsmyndigheit for uttak av slike massar, og fylkespolitiske retningsliner. Det vart også vist til dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging frå juni 2015, der det blant anna er forventa at fylkeskommunane og kommunane sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogeleg utvinning og veg dette opp mot miljøomsyn og andre interesser. I fråsegna frå fylkeskommunen både ved høyringa av planprogrammet og 1. gongs høyringa av planen, vart det vist til departementet sin rettleiar T-1491 til kommuneplanen sin arealdel, der det står korleis skjelsand kan handterast i arealdelen.

Fylkesrådmannen konstaterer at fylkeskommunen gav tydeleg fråsegn tidleg i planprosessen, men at kommunen ikkje har følgd oppmodinga om å vurdere område for uttak av skjelsand. Skjelsand frå kommunen ville t.d. vore eit rimeleg, godt, miljøvenleg og konkurransedyktig jordforbetningsmiddel for jordbruket både i og utanfor kommunen. I denne omgang meiner fylkesrådmannen at det er tilstrekkeleg å ta kommunen si manglande ettercoming av fylkeskommunen si fråsegn ved 1. gongs høyringa av arealdelen til etterretning.

3.13 Akvakultur

Hordaland fylkeskommune hadde følgjande motsegner og merknader i høve akvakultur ved fyrste gongs høyring av kommuneplan for Austrheim:

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner Akvakultur er i for liten grad ivare tatt i planframlegget frå Austrheim kommune, særleg i høve til reduksjon av areal avsett til akvakultur. Det er knytt motsegn på følgjande punkt:

- Akvakulturanlegga ved Øksneset og Allersholmen må sikrast tilstrekkeleg areal og tilpassast faktisk plassering

Utvalet har særlege merknader når det gjeld akvakultur på følgjande punkt:

- Kommunen bør gjere ei ny vurdering av sjøområda for å legge til rette for akvakultur.
- Det bør takast inn ei føresegn som sikrar utlegging av fortøyingar i område for ferdsel i Hoplandsosen.

Vidare viser vi til utdyping av desse punkta i Hordaland fylkeskommune sin uttale av 14.06.2016. I det vidare vil vi kommentere endringar som er gjort sidan fyrste gongs høyring.


Endringar i plankartet

I gjeldande kommuneplan sin arealdel er det avsett 4 område for akvakultur i sjø samt eit stort fleirbruksområde som inkluderer akvakultur. Ved framlegget til 1.gongs høyring av planen var alle områda for akvakultur fjerna, og i tillegg var Akvakultur tatt ut av fleirbruksområdet. Det var tatt inn eitt område for akvakultur i planen, ved lokalitet Øksneset i Børildosen. Dette AK-området dekte berre delar av det eksisterande akvakulturanlegget som ligg på lokalitet Øksneset.

I framlegget til 2. gongs høyring er AK-området ved Øksneset noko justert, men dekker framleis ikkje den faktiske plasseringa av anlegget. AK-områda ved Allersholmen og Trøvika er tatt inn igjen i kartet og justert i samsvar med faktisk plassering av eksisterande anlegg på lokalitetane.

AK-område ved Øksneset må utvidast

I gjeldande arealplan ligg lokalitet Øksneset i eit stort fleirbruksområde som inkluderer akvakultur. I framlegget til ny arealplan er A tatt ut av dette fleirbruksområdet. Det er i staden tatt inn eit AK-område ved lokalitet Øksneset. Lokaliteten er i dag godkjent for eit plastringanlegg med 10 ringar og tilhøyrande fôringsflåte, og har ein maksimalt tilleten produksjon på 5460 tonn. I framlegget til 2. gongs høyring av planen dekker AK-området framleis berre delar av det eksisterande akvakulturanlegget, og fylkeskommunen kan difor ikkje trekke motsegna. Akvakulturområdet ved Øksneset må utvidast til å inkludere heile anlegget, samt ei sone rundt anlegget, slik at selskapet får mogelegheit til å utvikle seg og gjere endringar på lokaliteten.



Framlegg til 2. gongs høyring

Godkjend plassering av anlegg

Akvakulturområde ved Allersholmen

Akvakulturområdet ved Allersholmen er tatt inn igjen i planframlegget, og utvida i samsvar med merkandane frå fylkeskommunen, Fiskeridirektoratet og Blom Fiskeoppdrett AS. Med desse endringane er våre krav tatt omsyn til, og motsegna som gjaldt dette fell bort.

Krav om reguleringsplan for Akvakultur

Kommunen har sidan førre høyring lagt inn krav om reguleringsplan for akvakultur i føresegnene, med fritak for Akvakultur ved mindre endringar på lokaliteten.

Detaljreguleringsplan for akvakultur er nytt i Hordaland og elles i landet. Kommunen har heimel til å lage reguleringsplan for akvakulturanlegg, men Fylkeskommunen ser det som lite hensiktsmessig med ein fast praksis der det vert stilt krav om reguleringsplan for akvakultur i sjøområda. Dynamikken og utviklinga i

næringa vil i større grad sette krav til fleksible planløyningar samanlikna med arealplanlegging på land, og dei flytande anlegga kan reknast som reversible tiltak.

Dette heng og saman med behovet for ein rask og effektiv sakshandsamingsprosess. Vi meiner rammevilkår for arealbruk vert tilstrekkelig utgreia gjennom kommunen sin kommuneplan og gjennom handsaminga av akvakultursøknad. Ytterleg krav til regulering av arealbruk innafor akvakulturområda vil etter vår vurdering sette næringa tilbake med omsyn å ta i bruk ny teknologi og følgje den dynamikken som pregar akvakulturnæringa.

Kommunen sin arealplan står sentralt i å førehandsgodkjenne areal før tildeling av løyve til akvakultur. Medan ein godkjent plan bind kommunen som planmyndigheit til positivt uttale for tiltak i tråd med plan, kan søknader om lokalitetsklarering framleis bli avslått med heimel i særlovgiving av dei forvaltande organa. Avsetting av eit område til akvakultur er derfor ingen garanti i forhold til å utløyse akvakulturløyve.

AK-området ved Trøvika

I planframlegget til 1. gongs høyring var AK-området ved Trøvika tatt ut. I tida mellom 1. og 2. gongs høyring har det vorte gjeve løyve til etablering av eit anlegg for oppdrett av torsk på lokaliteten. Anlegget består av eit stålanlegg med 8 bur og fôrflåte, med MTB på 1560 tonn.

Austrheim kommune har i framlegg til 2.gongs høyring tatt inn igjen AK-området ved Trøvika, med tilhøyrande føresegn om at det berre er tillate med torsk, og MTB på maksimalt 1560 tonn.

Kommunen har anledning til i nødvendig utstrekning å sette føresegn om kva for art eller artsgruppe som kan etablerast i eit AK-område, jf. pbl §11-11, punkt 7, men fylkesrådmannen meiner det er lite hensiktsmessig å hindre etablering av andre typar akvakultur. Kommunen grunngjev ikkje kvifor dei berre ønskjer produksjon av torsk.

Plan og bygningslova opnar ikkje for regulering av produksjonskapasitet på eit areal for akvakultur. Fylkeskommunen ønskjer å påpeike at ein kommune gjennom arealplanar ikkje kan fastsette føresegn som gjeld typiske drifts- og næringsrelaterte forhold om for eksempel produksjonskapasitet, fiskevelferd, rømming og krav som gjeld lakselus eller andre biologiske faktorar. Dette er tilhøve som er regulert gjennom anna regelverk og kor ulike sektormyndigheiter har tilsynsansvar. Det er knytt motsegn til dette punktet.

Fortøyingar frå akvakulturanlegg i Hoplandsosen

I vår fråsegn av 14.06.2016 skreiv vi: «I Hoplandsosen ved Jibbersholmane i Radøy kommune er det etablert med anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure. Merdanlegget, fôrflåten og mesteparten av fortøyingssarrangementet ligg i Radøy kommune, medan fem fortøyingar/ankerfeste mot nordaust og ei fortøying ankerfeste mot nordvest ligg i Austrheim kommune. Austrheim kommune gav i 2014 dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for dette tiltaket. I framlegget til ny plan er arealet der fortøyingane ligg lagt ut som område for Ferdseil. Føresegnene må supplerast med at det er høve til å leggje forankringar frå oppdrettsanlegg i ferdseilsområde. Det er viktig at føresegnene vert utforma på ein slik måte at til dømes utlegging av nye fortøyingar frå eksisterande oppdrettsanlegg med ei anna plassering enn tidlegare kan handsamast etter akvakulturregelverket utan ei kommunal dispensasjonshandsaming i forkant. Til arealkategorien Bruk og vern av sjø og vassdrag er det laga ei føresegn som opnar for fortøyingar frå oppdrettsanlegg. Tilsvarande føresegn må og kunne lagast for arealkategorien ferdseil.»

Kommunen har ikkje teke merknadane til følgje, og grunngjev dette med at det er i konflikt med fiske og ferdseil. Vi vil påpeike at kommunen har gjeve dispensasjon til å legge ut fortøyingane til det eksisterande anlegget. Ved å la være å ta inn føresegna hindrar kommunen at det kan gjerast endringar av fortøyingane til anlegget på lokalitet Jibbersholmane. Fylkesrådmannen tilrår difor at det bør takast inn ei føresegn som sikrar utlegging av fortøyingar i område for ferdseil i Hoplandsosen.

Andre merknader

Utval for kultur, idrett og regional utvikling hadde ein særleg merknad om at kommunen burde gjere ei ny vurdering av sjøområda for å legge til rette for akvakultur. Dette har kommunen gjort og i planomtalen er det konkludert med at andre område i Austrheim kommune eignar seg ikkje for havbruk på grunn av arealkonfliktar med anna bruk, særleg fiskeri og farlei. Dette betyr at det i den komande planperioden ikkje er muleg å etablere ny akvakulturverksemd i kommunen.

3.14 Kulturminne og kulturmiljø

Fylkesrådmannen viser til pkt. 7 i vedtak i utval for kultur, idrett og regional utvikling av 08.06.2016 sak 87/16.

Austrheim kommune sitt forslag til kommuneplan er i strid med kulturminne av nasjonal interesse. Det er knytt motsegn på følgjande punkt:

I. Føresegner knytt til LNF-område med høve til spreidd bustadbygging og spreidd næring tek ikkje nok omsyn til potensial for funn av automatisk freda kulturminne.

II. Føresegner for omsynssone bevaring av kulturmiljø (H570) og bandlegging etter kulturminnelova (H730) er ikkje tilstrekkeleg integrert i planføresegnene.

III. Riksantikvaren sitt forslag til føresegner for Austrheim mellomalderkyrkjestad må innarbeidast i planføresegna, og den mellomalderske delen av kyrkjegarden må markerast i plankartet med omsynssone bandlegging etter kulturminnelova (H730).

Det går fram av planskildringa til 2. gongs høyring at kommunen meiner ein har teke omsyn til motsegnspunkta frå fylkeskommune når det gjeld kulturminneinteressene. Vår vurdering er at dette ikkje er gjennomført i tilstrekkeleg grad. Etter dialog og e-postutveksling med kommunen 12.01 og 16.01 2018 har kommunen gjeve lovnad om å rette plankart og føresegner i tråd med følgjande innspel frå fylkeskommunen i samband med sitt vedtak etter 2. gongs høyring:

For å imøtekomme pkt I i vårt motsegn:

Legg følgjande føresegn til § 3.2 Spreidd byggeområde (bustad, næringsbygg, fritidsbusetnad)
«Alle nye tiltak i LNF-område med spreidd byggeområde skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteresser og for å oppfylle undersøkingsplikta, jf. kulturminnelova §§ 3, 8 og 9».

For å imøtekomme pkt II i vårt motsegn:

Legg følgjande retningsline til § 4.2.5 Bevaring kulturmiljø (H570)
«Ved utarbeiding av reguleringsplanar og gjennomføring av tiltak på enkeltobjekt eller område innafor omsynssone kulturmiljø skal kulturhistoriske verdiar takast vare på og sikrast varig vern»

For å imøtekomme pkt III i vårt motsegn:

Legg inn bandlagt område (H730) i plankart for mellomalderkyrkjegard på Austrheim (askeladden id 83830-4)

Legg følgjande føresegn til § 4.2.6 Bandlagt kulturminne (H730) mellomalderkyrkjegard id 83830-4
«Mellomalderkyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep.»

«Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminnelova. Eventuell søknad om løyve til inngrep skal sendast rette kulturminnestyresmakt, Riksantikvaren, i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnader knytt til nødvendige undersøkingar og eventuelle arkeologiske utgravingar vert belasta tiltakshavar.»

Konsekvensutgreiing (KU) av nytt areal i 2. gongs høyring

Konsekvensutgreiing bør seie noko om potensial for funn av arkeologisk kulturminne i si vurdering av nytt byggeområde. Det er ikkje gjort ein systematisk gjennomgang av alle nye byggeområde, men både planlagt bustadområde B45 og planlagt næringsområde ved Øksnesmarka N18 har stort potensial for funn av

arkeologisk kulturminne. I Øksnesmarka er det registrert fleire ruinar og spor etter torvtaking, utmarksbeite og gamle ferdselsveger i eit meir eller mindre intakt kystlyngheilandskap. Omtale i konsekvensutgreiinga er misvisande når det står at det er «ingen registrert kulturminne» der. Konsekvensutgreiinga konkluderer med at begge område bør takast ut av planen. Vi saknar elles ei vurdering av konsekvensane nye byggeområde vil ha for den *Indre farleia - kulturhistoriske landskap av nasjonale interesse*.

Nokre nye byggeområde bør ha plankrav for å ta tilstrekkeleg omsyn til kulturminneinteresse i den vidare prosess. Dette gjeld:

- Bergsvika - tiltak 116 side 30 i KU - NA/SH
- Austrheimsvågen - tiltak 118 side 38 i KU naust og småbåthamn

4. Oppsummering

Det mest vesentlege endringsforslaget er å ta hovuddelen av næringsarealet ved Øksnesmarka (N18) inn att i kommuneplanen. Gitt at dette er ei endring som kan påverke ein rekke fagtema i vesentleg grad, er det naturleg at dette forslaget vert via ekstra merksemd gjennom våre faglege vurderingar. Endringa står i motstrid til arealstrategiar for til dømes landskap, fysisk aktivitet, friluftsliv, folkehelse og biologisk mangfald. Næringsareal i Øksnesmarka er vidare ikkje i samsvar med anbefalingar i konsekvensutgreiinga.

Med bakgrunn i vurderingar og konklusjonar i konsekvensutgreiinga, og verdien av ope kystlandskap i eit reiselivsperspektiv, vart Øksnesmarka anbefalt nytta til LNF-område i planframlegget til første gongs høyring. Dette var forslag til ein arealdisponering som Fylkeskommunen stilte seg positiv til i vårt fråsegn av 14.06.2016. Fylkesrådmannen si samla vurdering knytt til denne arealdisponeringa står framleis ved lag. Dette er basert på vurderingar og uttaler gjort ved førre høyringsrunde, vurderingar knytt til andre plantema ved andre gongs høyring, og med bakgrunn i konsekvensutgreiingar til både første og andre gongs handsaming av planforslaget. Der vert næringsareal i Øksnesmarka vurdert til å ha store negative konsekvensar for ei rekke tema, som til dømes landskap, friluftsliv, naturmangfald, folkehelse, born og unge og strandsona. I gjeldande kommuneplan (2006) ligg det eit næringsareal på dette området, som vart teke ut under første gongs høyring. Ny kunnskap sidan vedtak av gjeldande kommuneplan (2006) har ytterlegare forsterka desse verdiane. Næringsareal i Øksnesmarka fremstår likevel som så konfliktfylt at Fylkesrådmannen rår sterkt i frå å leggje næringsareal (N18) tilbake til Øksnesmarka.

Kommunen sine vurderingar av areal til bustadføremål syner at det i stor grad er tilstrekkeleg med areal for bustadbygging i eksisterande planar, og kommunen skriv at dei difor ikkje i særleg grad utvida areal til bustadbygging i planframlegget. Kommunen tek utgangspunkt i nye befolkningsframskrivingar, noko som vi stiller oss positive til. Likevel er det forslag til nye bustadføremål som fylkesrådmannen meiner er ueigna til bustadføremål. Dette gjelder særskild for Vardetangen (B40), Ervikane (B42), Utkilen (B43 og 44, til første gongs høyring som spreitt bustad) og Toftegård (B45). For dei tre førstnemnde hadde Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) vedtak som oppmoda kommunen til å ta ut desse bustadområda. Fylkesrådmannen vil vidareføre denne oppmodinga ved andre gongs høyring.

Bustadområde B43 og B44 på Utkilen er teke inn igjen i plankartet mellom første og andre gongs høyring. Ei eventuell bustadbygging i dette området vil få negative verknader for verdifult kystlandskap, friluftsliv, naturmangfald og strandsona, jamfør konsekvensutgreiinga. I tillegg kjem det frem at ei anna utfordringa med lokalisering av bustadfelt her, er knytt til lang avstand til tenester og service. Området har dårleg vegforbinding. Fylkesrådmannen rår frå at bustadområde B43 og B44 vert teke inn igjen i planforslaget.

I nytt planforslag er det kome inn eit heilt nytt forslag om bustadareal, B45 på Toftegård. Dette er ein lite eigna lokalisering av nytt bustadareal, med vesentlege negative konsekvensar i konsekvensutgreiinga. I tillegg er forslaget i strid med fleire av kommunens eigne arealstrategiar. Etter ei samla vurdering av konsekvensar for forslag om bustadareal på Toftegård (B45), stiller fylkesrådmannen seg kritisk til forslaget, og tilrår motsegn mot bustadareal B45. Ytterlegare beskriving av forslaget sine konsekvensar er å finne i saksutgreiinga under punkt 3.2 samordna areal og transportplanlegging / areal til bustadareal.

Ved førre uttale viste vi til Regional plan for attraktive senter i Hordaland, med retningsline § 2.3 som seier at «sentrumstutstrekning skal fastsetjast i kommune(del)plan eller reguleringsplan for sentrum». Vi gjentek at vi ber om at sentrumstutstrekning vert definert og tydeleggjort i kommuneplanen. Fylkesrådmannen ber og om at føresegn om handel vert innarbeidd i kommuneplanen. Regional føresegn har direkte rettsverknad for kommunar og private utbyggjarar, og må difor innarbeidas i kommuneplan. Det er føreslått motsegn til dette punktet.

I ein kystkommune som Austrheim er det mange verksemder som har behov for sjønære næringsareal. På lengre sikt er det også eit strategisk viktig val å behalda, vidareutvikla og leggja til rette for slikt areal i kommuneplanen. Dette er også i tråd med eit sentralt resultatmål i den regionale næringsplanen, der målet er å auka næringsarealreserven i fylket vårt. I den regionale planstrategien er det også eit hovudmål å leggja til rette for ei klima- og miljøvenleg utvikling. Dette betyr at kommunen må ha ei tydeleg planstyrt, langsiktig og balansert forvaltning av areal, natur og kulturminneressursar. Sjønære areal har mange ulike brukargrupper med motstridande syn på korleis arealet bør disponerast. Det er difor viktig at kommunen veg næringsinteresser opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser.

Klimaendringane er langsame og kan vere vanskelege å observera. Følgjeverknadene kan vere akutte hendingar som ekstremnedbør og generelt større nedbørsmengder, auka vind og stormflo. Dette er relevant for Austrheim kommune. Auka overvatn vil stille andre krav til utbyggingsmønster, byggeskikk og utforming av uteareal. Særleg senterområda med mykje harde overflatar og asfalt kan vere utsette for flaum og oversymjing. Fylkesrådmannen rår kommunen om å ta inn føresegn som tydeleggjer behovet for sikker overvasshandtering, særskild i tettbygde strok der fortetting er ein av dei kommunale arealstrategiane.

Ivaretaking av kystlandskapet er framheva som eit viktig føremon i arealstrategiane, mellom anna gjennom at «Heilskapleg og samanhengande kystlandskap skal som hovudregel ikkje opnast for utbygging». I det store er det Fylkesrådmannen si oppfatning at planforslaget har ambisjonar om å følgje opp arealstrategiar knytt til det landskap, mellom anna gjennom føresegn § 1.7.1 om terrengtilpassing.

Fylkesrådmannen konstaterer at fylkeskommunen gav tydeleg fråsegn tidleg i planprosessen, men at kommunen ikkje har følgd oppmodinga om å vurdere område for uttak av skjelsand. Skjelsand frå kommunen ville t.d. vore eit rimeleg, godt, miljøvenleg og konkurransedyktig jordforbetningsmiddel for jordbruket både i og utanfor kommunen.

Det går fram av planskildringa til 2. gongs høyring at kommunen meiner ein har teke omsyn til motsegnspunkta frå fylkeskommune når det gjeld kulturminneinteressene. Vår vurdering er at dette ikkje er gjennomført i tilstrekkeleg grad. Etter dialog og e-postutveksling med kommunen har kommunen gjeve lovnad om å rette plankart og føresegn i tråd med innspel frå fylkeskommunen i samband med sitt vedtak etter 2. gongs høyring. For å imøtekomme våre motsegn til første gongs høyring, må kommunen endre kommuneplanen i tråd med vedtakspunkt.

Konsekvensutgreiing bør seie noko om potensial for funn av arkeologisk kulturminne i si vurdering av nytt byggeområde. Det er ikkje gjort ein systematisk gjennomgang av alle nye byggeområde, men både planlagt bustadområde B45 og planlagt næringsområde ved Øksnesmarka N18 har stort potensial for funn av arkeologisk kulturminne. I Øksnesmarka er det registrert fleire ruinar og spor etter torvtaking, utmarksbeite og gamle ferdssveger i eit meir eller mindre intakt kystlyngheilandskap. Omtale i konsekvensutgreiinga er misvisande når det står at det er «ingen registrert kulturminne» der. Konsekvensutgreiinga konkluderer med at begge område bør takast ut av planen. Vi saknar elles ei vurdering av konsekvensane nye byggeområde vil ha for den *Indre farleia - kulturhistoriske landskap av nasjonale interesse*.

Fylkesrådmannen tilrår motsegn til at akvakulturområdet ved Øksneset ikkje er sikra tilstrekkeleg areal og føresegn om maksimal tillaten biomasse for akvakulturområdet ved Trøvika. I tillegg er det særlege akvakulturfaglege merknader til krav om reguleringsplan for Akvakultur og føresegn som sikrar utlegging av fortøyningar i område for ferdsel i Hoplandsosen.